

# MØTEPROTOKOLL

## GULEN KOMMUNE

**Utval:** Hovudutval for plan og utvikling  
**Møtestad:** Rådsalen, kommunehuset i Eivindvik  
**Møtedato:** 12.02.2010 **Tid: kl. 09.40 – 11.00**

Desse deltok: Møyfrid Kvamme, Erene Wilberg, Odd H. Eide. Rune Østerbø,  
Som varamedlem møtte: Reidar Bøe

Frå administrasjonen møtte: Leiar plan, landbruk og teknisk Magne Instejord,  
Landbrukskonsulent Håvard Tveit,  
Rådgjevar utvikling Kjell Reigstad, møtte under handsaming  
av sak 4/10

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller til saklista.  
Møtebok frå førre møte vart godkjend.

### Sakliste:

- 1/10 SKRIV OG MELDINGAR
- 2/10 KART- OG DELINGSFORRETNING. GNR. 95, BNR. 12. BYRKNESØY.
- 3/10 MELDING OM TILTAK. TILBYGG PÅ GNR. 86 BNR. 21 RANDAL.
- 4/10 SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING. GNR. 91, BNR. 17,  
MJØMNA
- 5/10 SJØTROLL HAVBRUK AS. OPPDRETTSLOKALITET VED BREIVIKA.
- 6/10 KONSESJON. GNR. 55, BNR. 3. GRINDE.

### Rett utskrift:

#### Utskrifter:

Hovudutskrift av møteprotokoll er sendt til:  
Kontrollutvalet, revisjonen, medlemmer/varamedlemmer, rådmannen, lokalavisene Firda, Strilen, Nordhordland,  
Ytre Sogn.

**SAK 1/10 SKRIV OG MELDINGAR**

**Røysting:**  
Samrøystes.

**Vedtak:**  
Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**SAK 2/10 KART- OG DELINGSFORRETNING. GNR. 95, BNR. 12.  
BYRKNESØY.**

**Røysting:**  
Samrøystes.

**Vedtak:**  
Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**SAK 3/10 MELDING OM TILTAK. TILBYGG PÅ GNR. 86 BNR. 21 RANDAL.**

**Røysting:**  
Samrøystes.

**Vedtak:**  
Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

**SAK 4/10 SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING. GNR. 91, BNR. 17,  
MJØMNA**

**Nye framlegg:**  
I møtet gjorde Arbeidarpartiet framlegg om slikt vedtak:

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

**Røysting:**  
Arbeidarpartiet, Venstre og Senterpartiet stemte for. Høgre stemte mot.

**Vedtak:**  
Framlegg frå Arbeidarpartiet vert godkjent.

**SAK 5/10 SJØTROLL HAVBRUK AS. OPPDRETTSLOKALITET VED  
BREIVIKA.**

**Nye framlegg:**

I møtet gjorde Senterpartiet framlegg om slikt vedtak:

Gulen kommune godkjenner ikkje søknad frå Sjøtroll Havbruk AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for plassering av eit akvakulturanlegg for laks ved Breidvik.

Grunngjeving :

Hovudutval for plan og utvikling viser til tidlegare liknande søknader om lokalitet i dette området ar avslått av kommunen og lokalitet vart teken ut av kommuneplanen som vart vedteken i 2009.

Vi støtter fylkesmannen sin uttale i ei liknande sak; ”Gulen kommune er ein stor oppdrettskommune og rammevilkåra for arealbruk for denne næringa bør handsamast i ein planprosess der ein har høve til å vurdere alle interessene samla – ikkje som einskildsaker i for av dispensasjon.

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Framlegg frå Senterpartiet vert godkjent.

**SAK 6/10      KONSESJON. GNR. 55, BNR. 3. GRINDE.**

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 10/78  
Løpenummer: 538/10  
Arkivkode: 033 &17  
Saksbehandlar: Per Hellesund

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
1/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### SKRIV OG MELDINGAR

*Hovudutval for plan og utvikling har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- 

### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

1. Avgjerder teke av administrasjonen sidan siste møtet i utvalet.
2. Skriv til Ing. Bjørnar Vik m/vedlegg datert 03.02.10  
Naust i rekke på gnr. 86 bnr. 27, Randal, oppfølging av vedtak om retting av avvik.
3. Skriv til Karstein Elnes m/kartvedlegg datert 04.02.10.  
Gangveg og parkeringsplass gnr. 13 bnr. 1, Fallebø. Dispensasjon for reguleringsplanen

#### **Framlegg til vedtak:**

Hovudutval for plan og utvikling tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

### Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:

#### **Røysting:**

Samrøystes.

#### **Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 08/681  
Løpenummer: 1820/09  
Arkivkode: L33 P GNR 95/12  
Saksbehandlar: Magne Insteffjord

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
24/09	Hovudutval for plan og utvikling	22.04.2009
2/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### **KART- OG DELINGSFORRETNING. GNR. 95, BNR. 12. BYRKNESØY.**

*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga, Hafstadv. 8, 6800 Førde
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
- BKK Nett as, Postboks 7050, 5020 Bergen
- Telenor Nett as, Postboks 7150, 5020 Bergen
- NGIR, 5956 Vågseidet
- Karsten Strandvåg, Gråsteinv. 11, 4027 Stavanger
- Øyvind Hagen, Bjørgelien 79 B, 5141 Fyllingsdalen
- Johannes Byrknes, 5970 Byrknesøy
- Olvar Barvåg, 5970 Byrknesøy
- Hans Petter Martinussen, 5970 Byrknesøy
- Olaug Birknes, 5970 Byrknesøy
- Arvid Birknes, 5970 Byrknesøy
- Gulen Fiskarbodemuseum v/Inger Lexander Grimen, 5970 Byrknesøy
- Roald Sørhaug, 5970 Byrknesøy

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Skriv frå Gulen kommune dat 25.08.08.
- Reguleringsplan for Barvåg.
- E- post frå søkjar dat 27.07.09.
- Skriv frå Gulen kommune dat 27.08.09.
- Forslag til deling / klage vedlagt kart dat 31.08.09.
- Kart som syner avgrensing regulert område.
- Kart M = 1: 1000
- Planar i området, kommunedelplan gul farge, verneplan raud skravur.

Ikkje utsende vedlegg:

- Søknad om deling dat 21.05.08.
- Kvittering for sendt nabovarsel

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Søknad om deling av grunneigedom. Klage på kommunen si handsaming av saka.

**Fakta:**

Arealet det er søkt om deling ligg i område omfatta av kommunedelplan for Byrknes.

Området er i planen avsett til bustadføremål.

Ein del av området er regulert til "spesialområde kulturminnevern". Dette er vist i vedlagt kart. Konsekvensen av dette vil vere at berre tomt 3 og 4 vil kunne nyttast til vanleg bustadbygging. Det er ikkje kome inn merknader i samband med søknaden.

**Vurderingar:**

Tomt 3 og 4 synest ukomplisert medan tomt 1 og 2, bør etter administrasjonen sitt syn framleis vere kulturlandskap tilknytt Fiskarbondemuseet, dvs det arealet som ligg innafør det regulerte området.

**Framlegg til vedtak 22.04.2009:**

Gulen kommune godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 63 deling av gnr.95 bnr.12 med følgjande føresetnader:

- Område avmerka som tomt 3 og 4 frådelast til bustadføremål, areal om lag 2,2 da.
- Det resterande området vert frådelt som "spesialområde kulturminnevern" i samsvar med tidlegare godkjent reguleringsplan for Barvåg, areal om lag 2,5 da
- Eigedomen skal sikrast tilkomst til veg som er open for alminneleg ferdsel.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 22.04.2009:**

Skriv frå Gulen Fiskarbondemuseum datert 17.04.09 vart delt ut i møtet.

**Røysting:**

Samrøystes.

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

XXXXXXXXXX

Søkjar har i e-postsending dat 27..09 skissert ei alternativ skisse til deling, dette mellom anna med bakgrunn i at ein del av eigedomen har annan eigar.

Ny skisse syner framlegg til 3 tomter i staden for tidlegare 4 tomter.

I skriv frå kommunen dat 27.08.09 vert dette vurdert som ei ikkje utan vidare ei god løysing. I skrevet vart også nemnt at å utarbeide ein reguleringsplan kunne vere eit alternativ.

Søkjar påklagar dette i e- post dat 31.08.09, og hevdar at det ikkje skulle vere noko i vege for å godkjenne delingsøknaden med heimel i reguleringsplanen § 4.

**Vurderingar:**

Kommunen vurderer denne saka slik at dersom det skal frådelast tomter med utgangspunkt i nytt framlegg med 3 tomter i staden for 4, vil ikkje kommunedelplanen vere eit godt nok grunnlag, sjølv om søknaden ikkje er i strid med kommunedelplanen sitt formål, i dette høvet bustadføremål.

Syner her til delingslova § 63:

**§ 63. Opprettelse og endring av eiendom**

Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrunn for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, jf. lov om eigedomsregistrering, eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift, vedtekt eller plan. Opprettelse eller endring som nevnt i første punktum, må heller ikke gjøres slik at det dannes tomter som etter kommunens skjønn er mindre vel skikket til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering.

Siste setning i lovparagrafen ovanfor er understreka av oss.

For det som gjeld innafor plangrensene til verneplanen, meiner administrasjonen at denne planen i dette høvet ikkje har føresegnar som i tilstrekkeleg grad tek vare på kulturlandskapet innafor planområdet.

I samband med utarbeiding av denne planen i 1995, finn ein i saksutgreiinga mellom anna at Fylkeskommunen ynskte ”at evt. utbygging må skje etter utbyggingsplan”.

Såleis er konklusjonen at i høve til siste framlegg til deling der 3 tomter er skissert, vil det vere trong for reguleringsplan utan for verneområdet då skissert tomtedeling ikkje tilfredstiller krava etter Pbl § 63,

og innanfor verneplaneplanområdet også ut frå at denne planen i dette høvet ikkje har føresegnar ( § 4) som godt nok tek vare på kulturlandskapet innafor planområdet ved ei utbygging.

I realiteten gjeld dette ikkje klage på tidlegare vedtak, men klage på avslag frå administrasjonen på seinare presentert alternativt delingsframlegg.

**Framlegg til vedtak:**

Klage dat 31.08.09 vert ikkje teken til følgje.

Saka vert vidaresend klageinstansen, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til avgjerd.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:**

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/615  
Løpenummer: 5781/09  
Arkivkode: L42 P GNR 86/21  
Saksbehandlar: Kjell A. Reigstad

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
95/09	Hovudutval for plan og utvikling	11.12.2009
3/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### MELDING OM TILTAK. TILBYGG PÅ GNR. 86 BNR. 21 RANDAL.

*Fylkesmannen har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Arne Birkelid, Skorvavegen 33, 5306 Erdal
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

### Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Klage frå Arne Birkelid, datert 04.01.2010

Ikkje utsende vedlegg:

- HPU sak.95/09

#### **Saksutgreiing:**

Saka gjeld klage på vedtak i HPU sak. 95/09 vedkomande avslag på dispensasjon frå reguleringsplan ID: ID=14112004005, Randal for tilbygg til fritidsbustad på gbnr. 86/21, Randal.

Vedtaket lyder:

*Gulen kommune avslår søknaden om dispensasjon frå reguleringsplan ID=14112004005, Randal.*

*Grunngjeving for avslaget.*

- *Reguleringsplanen er relativt ny*
- *Avviket er stort i høve føresengene til reguleringsplanen.*

*Det har nyleg vore fleire dispensasjonssaker frå reguleringsplan i dette hyttefeltet. Utvalet oppmodar søkjar/hyttelaget eventuelt å ta initiativ til reguleringsendring.*

Klagar har framsett desse momenta:

Jeg kan ikke se at det er gift noen god grunn for å nekte meg godkjenning av byggemelding sak nr. 09/615.

Jeg kan vanskelig akseptere at hytteeier i Randal hyttelag får innvilget dispensasjon fra reguleringsplanen til boligformål, og jeg ønsker en bod på stakkars 5,3 m2. Og dermed ikke se noen grunn til at det utøves forskjellsbehandling av hytteeierne i Randal hyttelag.

Administrasjonen ser ikkje at det er komen nye moment som lyt vektleggjast.

**Framlegg til vedtak:**

Gulen kommune opprettheld sitt vedtak om avslag på dispensasjonssøknaden.

Saka vert sendt Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:**

**Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/666  
Løpenummer: 540/10  
Arkivkode: L12  
Saksbehandlar: Kjell A. Reigstad

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
4/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### **SØKNAD OM MINDRE REGULERINGSENDRING. GNR. 91, BNR. 17, MJØMNA**

*Hovudutval for plan og utvikling har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga, Hafstadv. 8, 6800 Førde
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 84, 6861 Leikanger
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, pb.173, 6801 Førde
- Erene og Kjetil Wilberg, 5978 Mjømna
- Runar Gjervik, Steinestøveien 240, 5111 Breistein
- Jonleiv Nyhammer, Heimliv. 36, 5300 Kleppestø
- May-Rose Aarsnes Brattegard, vats, 3570 Ål
- Thore Sivertsen, Måseskjæret 18, 5035 Bergen

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Søknad om mindre reguleringsendring med vedlegg datert 09.06.2009
- Reguleringsplan ID: 14112005005, med føresegner

Ikkje utsende vedlegg:

#### **Saksutgreiing:**

Søknaden gjeld mindre reguleringsendring av område avsett i reguleringsplan ID: 14112005005, gbnr 91/17, Mjømna, til nausteamråde. Endringa gjeld heving og planering av område, utfylling i sjø, felles båtopplag og anlegg for flytebrygge.

Sakshandsaming.

Søknaden er innkomen før ny planlov (1. juli 2009) vart sett i verk, saka vert dermed handsama etter gamal planlov (1997).

Om nausteområdet.

Det er i område avsett plass til 5 naust. Nausta skal jf. reguleringsbestemmelsane ha maks grunnflate på 45 m<sup>2</sup>, og maks mønehøgde på 5,2 meter. I reguleringsplanen eller føresegene til planen er det ikkje vist tiltak utanom sjølve nausta. Ein lyt i dette høve søkje om dispensasjon frå planen eller søkje om mindre reguleringsendring.

Om tiltak framfor naust/nausteområde.

Det kan ofte vere ønskjeleg med ulike terrengtiltak i samband med bygging naust. Tiltak som planerte område, betre oppdragsforhold for båt eller kai/flytebrygge, samt andre tiltak for å gjere det enklare å ha båt liggjande er eksemplar som går att i dei søknadane som kommunen får.

I enkelte reguleringsplanar i Gulen kommune er det innlagt ulike tiltak framom eller i tilknytning til naust/naustområde, mellom anna fellesanlegg for flytebrygge, kaiar o.l. Dette er ikkje gjort i denne planen.

Denne konkrete reguleringsplanen er relativ ny (2006), og har før endeleg godkjenning vore i gjennom ein open å demokratisk prosess. Vi kan ikkje finne noko i førearbeida til planen som tilseier at tiltak i samband med naust har vore tema. Derimot finn vi at Fylkesmannen var opptatt av at strandsona skulle vernast, bygningar og anna skulle tilpassast terrenget, samt den allmenne ferdsel skulle takast i vare for strandsona/området.

Området er i dag, som foto viser ei naturleg steinsett strandlinje som skrå svakt mot sjø.

Dersom ein gjev løyve til dette tiltaket vil større delar av den naturlege steinsette strandsona framfor dei planlagde nausta bli øydelagd av permanente konstruksjonar. Ser ein på dei andre områda som inneheld naturleg strandsona i planen er desse regulert til ulike føremål, mellom anna til kai som inneber fylling i sjø. Det er difor mest berre dette området som inneheld naturleg skrånande terreng mot sjø. Friområdet i planen har ikkje slik skrånande og naturleg steinsett strandområde. Det er difor klart at området vil få ein anna visuell karakter med bygging av dei konstruksjonane som her er søkt om.

Med planering/heving av område framfor nausta, samt dei andre tiltaka som er søkt om, vil dette gjere at område vil virke meir privatisert, og vil vere til større hinder for allmenn ferdsel i området enn om det ikkje vart bygd konstruksjonar framom nausta. Det er og truleg at området vil verte meir brukt av nausteeigarar, og at området vil ha karakter av privat opphaldsområde enn eit nausteområde med open strandlinje som ålmenta har mogelegheit til å nytte.

Tiltaket er felles

Det er søkt om eit samla tiltak for 4 av dei 5 nausta. Det er ein av nausteeigarane som vil koste anlegget, men dei andre vil kunne kjøpe seg inn i dette. Dersom kommunen går inn for tiltaket bør reguleringsendringa berre gjelde dette fellestiltaket, og at seinare tiltak ved dei andre nausta ikkje bør tillatast. Dette vil medføre at dei store tekniske inngrepa berre vil omfatte om lag halve nausteområdet, og at resten vil vere "urørt". I det aktuelle området er det vanskelege

forhold for å ha båt liggjande, og administrasjonen har forståing for at det er ønskjeleg på omsøkte tiltak. Tiltaket vil klart gjere det enklare å kome til området med båt, ha båtar liggande, og å få desse på land/i nausta.

Intensjonen til nausteområde.

Det er sett ei maksgrense på 45 m<sup>2</sup> som grunnflate for nausta, samt ei maks mønehøgde på 5.2 meter . I dette ligg det at det ikkje skal eller er plass til større båtar i nausta, eller at området bør lagast om til eller tilpassast slik at større båtar kan ligge her permanent. Mindre båtar kan nytte vanleg båtøpptrekk/båtvogn til å få båten i naustet og ilestein/blåse med uttrekk når båten kan liggje ute. I nærleiken (og andre stadar i kommunen) er det og større felles båthamn med molo tilrettelagt for permanent båtplassering. Sjølv om ein eig eit naust eller har naustetomt føl det ikkje automatisk rett til å setje opp konstruksjonar eller liknande.

Konklusjon.

I nausteområdet kan det byggast 5 naust med avgrensa storleik. Ved å tillate konstruksjonar framfor desse vil det medføre til ei anna utnytting av området en det planen legg opp til, og dette kan føre til meirprivatisering, samt foringe den naturlege steinsette strandsona. Visuelt vil slike konstruksjonar dette og vere negative for område. Reguleringsplanen er relativt ny, administrasjonen vil ikkje anbefale dispensasjon/mindre reguleringsendring frå denne

#### **Framlegg til vedtak:**

Søknaden om mindre reguleringsendring vert avslått.

Grunngjeving for vedtaket:

Reguleringsplanen er relativt ny

Tiltaket vil ha negative verknader for området.

#### **Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:**

##### **Nye framlegg:**

I møtet gjorde Arbeidarpartiet framlegg om slikt vedtak:

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

##### **Røysting:**

Arbeidarpartiet, Venstre og Senterpartiet stemte for. Høgre stemte mot.

##### **Vedtak:**

Framlegg frå Arbeidarpartiet vert godkjent.

Saknummer: 09/1160  
Løpenummer: 541/10  
Arkivkode: U43  
Saksbehandlar: Håvard Tveit

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
5/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### **SJØTROLL HAVBRUK AS. OPPDRETTSLOKALITET VED BREIVIKA.**

*Hovudutval for plan og utvikling har endeleg avgjerdsmynde i saka*

Særutskrift sendt til:

- Sjøtroll Havbruk AS, 5397 Bekkjærsvik
- Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, Marin forvaltning, Askedalen 2, 6863 Leikanger
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
- Marine Harvest Region West, Grimmergata 5, 6002 Ålesund
- Firda Sjøfarmer AS, 5966 Eivindvik

### **Administrasjonen si saksutgreiing om framlegg til vedtak:**


#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Søknad om dispensasjon, Sjøtroll Havbruk AS. Brev av 17.12.2009
- Utdrag frå Rapporten *Vurdering av innspel og konsekvensar. Kommuneplanen sin arealdel 2008-2020*
- Møtebok HPU 56/05 Klage. Aqua Farms – Søknad om oppdrettslokalitet i Breidvika
- Vedtak i klage, Fylkesmannen. Brev av 24.08.2005

#### **Saksutgreiing:**

Sjøtroll Havbruk AS søker om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for plassering av eit akvakulturanlegg for laks ved Breidvik. Området er i dag FFNF-område (Fiske, ferdsel, natur og friluftsområde i sjø). Sjøtroll Havbruk AS har per i dag aktiviteten sin i Hordaland, men er på grunn av krav om auka avstand mellom anlegg som eit ledd i nedkjemping/kontroll over utfordringane med PD-virus og lakselus, ser selskapet seg om etter nye mogelege lokalitetar. Hovudsete er i Austevoll kommune.



Utsnitt av kart frå søknad som syner omsøkt areal til akvakultur

Sjøtroll Havbruk AS har òg søkt om å få ein lokalitet ved Klyva mellom Takle og Brekke. Her er det i dag eit akvakulturområde som ikkje vert nytta. Denne søknaden er enno ikkje komen til kommunen for vurdering. Primært ynskjer selskapet å nytte lokal arbeidskraft til drifta av anlegga.


Det har ved fleire høve tidlegare vore diskutert – og søkt om, ein akvakulturlokalitet i området utanfor Breidvika. Før administrasjonen sakshandsamar dispensasjonen vidare med høringsuttale frå lokale bebuarar, aktørar i akvakulturnæringa og statlege/regionale styremakter, ynskjer ein å avklare den politiske viljen til å ein ny lokalitet i dette området. I det vidare er det difor gjeve ei samanstilling over handsaminga ved tidlegare søknader.

#### *Tidlegare handsaming av søknader om akvakulturlokalitet utanfor Bålen/Breidvik*

I 1990 søkte Aqua Farms AS om løyve, men fekk avslag frå kommunen. Førre kommuneplan vart lagt ut til offentleg ettersyn i 1999, og lokaliteten var også då med i framlegget. På bakgrunn av mellom anna høringsuttalar vart området teke bort frå kommuneplanen. Pan Fish søkte i 2002, men fekk avslag. Aqua Farms AS søkte på nytt i 2004. Kommunen gav då løyve til eit anlegg, men vedtaket vart påklaga til Fylkesmannen av lokale bebuarar. Fylkesmannen gav Aqua Farms AS avslag på søknaden med utgangspunkt i at Gulen kommune er ein stor oppdrettskommune og at rammevilkåra for arealbruk for denne næringa bør handsamast i ein planprosess der ein har høve til å vurdere alle interessene samla – ikkje som einskildsaker i form av dispensasjon.

#### *Revidering av arealdelen i kommuneplanen 2008-2020*


Kommuneplanen vart endeleg vedteken i mai 2009. I prosessen fram mot eit plankart til første offentlege ettersyn, vart det skipa eit møte mellom akvakulturnæringa og kommunen for å få fram behova næringa hadde. Med bakgrunn i dette møtet, kom det innspel frå Marine Harvest AS om eit nytt akvakulturområde utanfor Breidvik/Bålen:



*Utsnitt av framlegg til plankart ved første gongs offentlig ettersyn*

Kystverket varsla etter ettersynet motsegn til slik lokalisering på grunn av konflikt med seglingssektoren Rutletangane fyr – Ortneset fyr. Lokale bebuarar (3 stk) kom òg med ein merknad der dei syner til tidlegare protestar frå bygda. Dei viste særleg til oppmoding frå kommunen om idédugnad for å legge til rette for positiv vekst og at dette ville medføre negative signal til ungdom som vil etablere seg i bygda.

Med utgangspunkt i motsegna til Kystverket, kom Marine Harvest AS med eit framlegg til ny plassering av akvakulturanlegget:



*Framlegg frå Marine Harvest AS om alternativ plassering av akvakulturområde*

Dette framlegget vart ikkje lagt ut til offentlig ettersyn, men det vart lagt fram for Kystverket før ettersynet. Kystverket fann at området lengst vest "kan komme i konflikt med sjøtrafikken til og fra NCC Roads Breivik og bør ikkje tas inn i planen". Med utgangspunkt i at området

utanfor Bålen i dette framlegget kom enno nærare land, tilrådde administrasjonen at dette området heller ikkje vart med vidare. I vedteken plan er (berre) området lengst aust akvakulturområde.

Administrasjonen hadde 22.01.2010 eit møte med Sjøtroll Havbruk AS, og i dette møtet kom det fram at den omsøkte lokaliseringa har vore lagt fram for Kystverket utan merknader.

### **Vurdering**

Sjøtroll Havbruk AS søker om ei plassering av akvakulturområdet som er noko annleis enn ved tidlegare høve saka har vore handsama. Administrasjonen har likevel som utgangspunkt at ein kan samanlikne deira søknad med tidlegare søknader/innspel til kommuneplanarbeid, og ynskjer difor ei politisk avklaring på om det er aktuelt å arbeide vidare med søknaden.

Er det eintydige politiske signal om at det på noverande tidspunkt ikkje er aktuelt å vurdere ny lokalitet utanfor Bålen/Breidvik, tilrår administrasjonen at utvalet vedtek eit avslag på søknaden frå Sjøtroll Havbruk AS. Er det ikkje politisk einigheit om problemstillinga, tilrår administrasjonen at søknaden vert realitetshandsama og kjem attende til utvalet som ny sak etter at høyringsrunden er avslutta.

### **Framlegg til vedtak**

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

### **Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:**

Brev frå Sjøtroll Havbruk AS datert 05.02.10 vart lagt fram i møtet.

### **Nye framlegg:**

I møtet gjorde Senterpartiet framlegg om slikt vedtak:

Gulen kommune godkjenner ikkje søknad frå Sjøtroll Havbruk AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for plassering av eit akvakulturanlegg for laks ved Breidvik.

Grunngjeving :

Hovudutval for plan og utvikling viser til tidlegare liknande søknader om lokalitet i dette området ar avslått av kommunen og lokalitet vart teken ut av kommuneplanen som vart vedteken i 2009.

Vi støtter fylkesmannen sin uttale i ei liknande sak; "Gulen kommune er ein stor oppdrettskommune og rammevilkåra for arealbruk for denne næringa bør handsamast i ein planprosess der ein har høve til å vurdere alle interessene samla – ikkje som einskildsaker i for av dispensasjon.

### **Røysting:**

Samrøystes.

### **Vedtak:**

Framlegg frå Senterpartiet vert godkjent.

Saknummer: 10/5  
Løpenummer: 542/10  
Arkivkode: V6 P GNR 55/3  
Saksbehandlar: Håvard Tveit

## MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
6/10	Hovudutval for plan og utvikling	12.02.2010

### **KONSESJON. GNR. 55, BNR. 3. GRINDE.**

*Hovudutval for plan og utvikling har endeleg avgjerdsmynde i saka.*

Særutskrift sendt til:

- Cato Furnes, Gulafjordvegen 1125, 5960 Dalsøyra
- Tordis S. Rudi, Furubakken 39, 3058 Solbergmoen
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavd, Pb 14, 6800 Førde

### **Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:**

#### **Sakstilfang:**

Utsende vedlegg:

- Søknad om konsesjon, sist datert 040210

Ikkje utsende vedlegg:

- Rundskriv M-2/2009
- Lov 2003-11-28 nr 98 (Konsesjonslova)

#### **Saksutgreiing:**

Cato Furnes og Kari Hella Furnes søker om konsesjon på gbnr 55/3. Eigedomen ligg på Grinde og omfattar 3 dekar fulldyrka jord, 13 dekar innmarksbeite og 102 dekar skog. Totalt areal er 268 dekar. Skogen har ingen verdi av betydning. Det er bustadhus, løe, uthus, garasje og ein halvpart av eit naust på eigedomen. Furnes bur i dag i huset medan det vert modernisert/rehabiltet. Naustet har bra standard, medan dei andre bygga er relativt sett av dårleg standard. Det har ikkje vore drift på eigedomen på fleire tiår.

#### **Heimel for vedtaket:**

Overtakinga er konsesjonspliktig etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom (Konsesjonslova). Formåla til konsesjonslova er gjevne i § 1:

*”§ 1. (lovens formål)*

*Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:*

- 1. framtidige generasjoners behov.*
- 2. landbruksnæringen.*
- 3. behovet for utbyggingsgrunn.*

4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.

5. hensynet til bosettingen.”

Overtakinga av eigedomen er ikkje konsesjonsfri sidan ingen av unntaka i kapittel 3 (eigedomen sin karakter og slektskap til tidlegare eigar) i lova vert gjort gjeldane. Det er såleis heller ikkje lovpålagt buplikt knytt til overtakinga. § 11 i konsesjonslova gjev likevel heimel til å setje vilkår ved vedtak om konsesjon. Vilkår kan mellom anna omfatte buplikt på eigedomen.

#### **§ 11. (vilkår for konsesjon)**

*Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.*

*Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.*

Rundskriv M-2/2009 utdjuper bruken av vilkår. Ein kan mellom anna ikkje fastsetje vilkår som går lenger en det som er naudsynt for å ivareta dei samfunnsinteressene som konsesjonslova er meint å ivarta. Det er ikkje naudsynt at alle samfunnsinteressene vert ivaretekne – omsynet til busetjing kan aleine vere nok til å stille vilkår om buplikt. Departementet tilrår at vilkår om buplikt vert gjort personlege – at overtakar tek eigedomen som sin reelle bustad.

Frå 01072009 er det driveplikt på all dyrka mark i Noreg. Det er difor ikkje lenger aktuelt å setje vilkår om driveplikt ved konsesjonar.

#### **Andre føringar**

Gulen kommune (sak 103/09 HPU) legg desse momenta til grunn for handsaming av søknader om konsesjon:

1. *Gulen kommune har ein sær spreidd busetjingsstruktur, og ynskjer framleis å ha fast busetnad i alle områder av kommunen som har rimeleg avstand til offentleg veg/privat veg som er knytt saman med offentleg veg.*
2. *For konsesjonspliktige eigedomar over 100 dekar eller med meir enn 25 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord - eller der eigedomen består av meir en 500 dekar produktiv skog, som har brukande bustadhus og som ligg i rimeleg avstand til offentleg veg/privat veg som er knytt saman med offentleg veg, skal det vere særskild gode grunnar for at det ikkje vert knytt eit vilkår om buplikt til eigedomen.*
3. *For å hindre attgroing av innmarksareal og for å oppretthalde det særprega bygningsmiljøet og kulturlandskapet i Gulen, m.a. med mykje bruk av stein som byggjemateriale, bør det i stor grad setjast vilkår om skjøtsel og vedlikehald av eigedomen dersom jordbruksarealet på eigedomen ikkje vert drive.*

#### **Vurdering**

Gulen kommune legg stor vekt på busetjing. Den omsøkte eigedomen har eit hus som det er råd å bu i, og ligg i eit område med god infrastruktur. Søkjar bur i dag på eigedomen.

**Framlegg til vedtak:**

Gulen kommune gjev med heimel i konsesjonslova § 1 Cato Furnes og Kari Hella Furnes konsesjon for overtaking av gnr 55 bnr 3, Grinde. Etter § 11 i same lov vert det sett vilkår om at søkjar tek eigedomen som sin reelle bustad og at kulturlandskapet vert halde i hevd.

**Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 12.02.2010:****Vedtak:**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.